

Sommartrimmen 2024

Kartutsnitt og nærare informasjon om dei seks turmåla for sommartrimmen 2024:

Turmål 1: Leirin



Foto: Berit Kvale Lauvhaug

Parker ved bommen ved Svarthamarvegen aust for Valdres Skisenter. Følg skilta rute innover Jodokkvegen. Kassa står rett før brua. Denne turen er også fin både på sykkel og med barnevogn.




Turmål 2: Skardåsen



Foto: Anita Lyhus

Populært turmål sommar som vinter! Det er mange vegar til Rom, så og til Skardåsen, men dette er den offisielle turmålsruta: Kjør Svarthamarvegen austover frå Valdres Skisenter til Grøslia. Her står det turmålskilt på venstre side av vegen. Følg skilta rute til Skardåsen.



Turmål 3: Bilehusknatten



Foto: Berit Kvale Lauvhaug

Parker i Valdres Skisenter, følg vegen nordover mot Trølldalsmyre/Trugebakk (skilt ved innkjøring til skisenteret) ca. 1 km til vegkryss. Følg skilting til Sandbakkin ca. 1 km til skilt mot Bilehusknatten. Denne turen gjer deg mogelegheit for mange fine rundturar i heimåsen.

Turmål 4: Bjørnhovda



Foto: Berit Kvale Lauvhaug

Følg Svarthamarvegen til Hovdasvingen (skilt merka med Hovda står i denne svingen). Parker på lomme på høyre side av vegen etter skiltet. Stigen opp på Bjørnhovda går opp på venstre side av vegen litt aust for parkeringslomma. Kort tur med flott utsyn mot Tansberg, Skaget og Melladn.



Turmål 5: Fullsennknatten




Foto: Anita Lyhus

Kjør Svarthamarvegen fra Valdres Skisenter til Hellestetbrua (skilta her), ta til venstre etter å ha kjørt over brua og følgje denne vegen til Raneissstølen. Parkering ved dei øvste stølane.

Følgje traktorveg opp på høgda ovanfor stølane. Her går det stig inn til venstre som du følgjer til toppen.



Turmål 6: Reinehamaren



Foto: Anita Lyhus

Kjør Svarthamarvegen til Svarthamar. Ta her til venstre mot Susstølen. Parkering på Susstølen der vegen endar. Følg stig skilta mot Steintjedne/Liomseter (skiltet ser du ikkje før du har gått 2-300 m). Når du kjem ut av bjørkeskogen ser du ein fjellrygg med ei tydeleg varde. Dette er Reinehamaren. Følg stigen over tre-fire høgdedrag. Når du nærmar deg kjem du inn på merka DNT-stig frå Svarthamar. Følg denne vidare til du kjem til eit tydeleg stigdele rett før det går nedover mot eit tjern. Ta til venstre (ikkje skilta) og følg denne stigen til topps! Flott utsyn innover blant anna Langsua Nasjonalpark!

